

ÅRSMELDING 2023

ALPINGRUPPA

Styret i alpingruppa har vore samansett slik :

Anders Engeland	-	Leiar
Mari Janne Henden	-	Styremedlem
Øystein Lørdøen	-	Styremedlem
Marianne Kjørstad	-	Styremedlem
Peder Felde	-	Styremedlem

Møteaktivitetar :

Alpingruppa har i 2023 ikkje hatt fysiske styremøter. Dette med bakgrunn i vedtaket styret gjorde hausten 2022; vi fortset vidare framover med dei medlemmane vi har i dag, men med redusert aktivitet. Alternativet ville vere at vi måtte avvikle og legge ned alpingruppa i Haugen IL. Vi vil fortsette å ta på oss kretsrenn og arrangere Telenorrenn for å prøve å halde oppe alpininteressa og gjennom det satse på å få nyrekruttering. Vi vil også i lag med skisenteret arrangere nybyrjarkvelder for vaksne.

21.oktober deltok Andor Smørdal , Marianne Kjørsstad, leiar i idrettslaget og leiar i alpingruppa på Sogn og Fjordane Skikrins sitt 100 års jubileum på Alexandra hotell. Der fekk Marianne utdelt ein spesiallaga krystallvase med inngraving for sine internasjonale prestasjonar. Ho var ein av fire som fekk slik utmerking.

Aktivitetar på ski : Vi gjennomførte 3 Telenorrenn med godt frammøte. Dette er eit svært godt rekrutteringstiltak. Vi har stor tru på at dette på sikt skal ge resultat i fleire aktive alpinistar. Det var og planlagt at vi skulle ha KM i SuperG og Superkombbinasjonen, men dette vart avlyst grunna svært liten påmelding .

Det vart og gjennomført tre kvelder med alpinks kurs for EID IL si allidrettsgruppe.

Aktive:

Ved utgangen av 2023 har vi 4 aktive løparar :

Johannes Strøm og Aksel Dalset Lørdøen: Begge U10 klassa.

Trym Dalset Lørdøen. I 2023 har han starta i 14 renn, nasjonalt og internasjonalt. 3 startar i VM i Spania og 5 World Cup. 21.januar hadde han den beste norske plasseringa i ein individuell konkurranse i randonne, med ein 7 plass. Ellers så hadde han andre plassar og to tredjeplassar.

Andrine Mårstøl. Sesongen 2023 har ho ho starta i 35 renn. Gjennom sesongen hadde ho 4 fyrsteplassar, 8 andre plassar og 2 tredjeplassar.

Ho deltok på 14 Ecup renn og 2 World Cup renn.. Vi håpar no på at ha skal få fleire sjansar til å «vise seg fram» i World Cup sirkuset.

Vi har ikkje blitt så mange fleire, men vi vil fortsette arbeidet med å markedsføre alpinsporten!.

Andre aktivitetar : 22. oktober arrangerte Haugen og Stårheim Idrettslag aktivitetsdag på Harpefossen. Det var høve til å prøve rulleski i ei hinderløype , og så få prøve å skyte på blink med skiskyttargetvær. Det møtte fram 50 born i fineveiret denne søndagen

Dugnadar : Malakoff er den største inntektskjelda til alpingruppa. Men, sidan vi ikkje vert fleire, har vi fått reduserte oppgåver der, og dermed også mindre inntekter.
Dugnadsprosjekt nr. 2 er Harpefossen skisenter. Oppgåvene der vert ikkje færre. Vi står på og hjelper skisenteret med den viktige oppgåva med å oppretthalde det gode tilodet og kvaliteten til innbyggjarane i Stad kommune og Nordfjord.

12.mars 2024
For Alpingruppa
Anders Engeland
Leiar